

Vekeplan 8. trinn

Veke 15 og 17

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none">• Lesa og snakka om skjønnlitteratur• Reflektera over innhald og verkemiddel i tekst og film• Kunna bruka fagspråk og kunnskap om grammatikk
Engelsk	<ul style="list-style-type: none">• Read, write and and about the English speaking world• Use and compare regular, irregular and long adjectives• Writing descriptions• Using comparisons
Matematikk	<ul style="list-style-type: none">• Vita korleis du teiknar eit koordinatsystem• Finna ulike punkt i eit koordinatsystem• Laga funksjonsuttrykk som skildrar ein stiuasjon
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none">• Gjera rede for korleis arbeidarar har kjempa for sine rettar• Forklara kva arbeidsmiljøloven er• Reflektera over korleis arbeidarane sine levekår har endra seg over tid, og korleis dei er ulike i forskjellige land• Utforska kva for rettar som gjeld i arbeidslivet i dag
KRLE	<ul style="list-style-type: none">• Utforska og presentera sentrale trekk ved jødedommen• Samanlikna og vurderer kritisk ulike kjelder til kunnskap om jødedommen• Utforska andre sitt perspektiv og handtera usemje og meiningsbryting• Få innsikt i korleis jødedommen høyrer med i historiske prosessar i Europa• Tenkja over korleis det er å høyra til ein liten minoritet i Noreg• Utforska og samanlikna etiske idear i filosofihistoria og bruka dei til å drøfta aktuelle etiske spørsmål
Naturfag	<ul style="list-style-type: none">• Gjera greie for kva me bruker energi til• Forklara kva me meiner med berekraftig energiutnytting• Diskutera korleis energibruk og energiproduksjon påverkar miljøet
Spansk	<ul style="list-style-type: none">• Å sei kva du vil kjøpa• Å sei kva du vil ha eller ikkje ha• Å spørja kva noko kostar• Mat og klær
Tysk	<ul style="list-style-type: none">• Delta i enkle samtalar om daglegdagse situasjonar• Lesa og forstå enkle tekstar om daglegdagse situasjonar
Kroppsøving	<p>Basis – Uthald:</p> <ul style="list-style-type: none">• Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar• Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/<u>individuelle idrettar</u>. <p>Symjing:</p> <ul style="list-style-type: none">• Utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing <p>Innsats:</p> <ul style="list-style-type: none">• Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre• Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
K&H	<ul style="list-style-type: none">• Utvikla løysingar gjennom ein stegvis designprosess og vurderer haldbarheit, funksjon og estetisk uttrykk

	<ul style="list-style-type: none"> • Fordjupa deg i ei visuell uttrykksform og/eller ein handverksteknikk, utforska ulikskapar gjennom praktisk skapande arbeid og presentera val frå idé til ferdig resultat
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker
Fys.ak.	<ul style="list-style-type: none"> • Øva på og gjennomføra bevegelsesaktiviteter aleine og saman med andre • Akseptera at me har ulike ferdighetsnivå, vera inkluderande og positiv, og bruka ferdigheitene sine til å spela andre gode
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> • Planlegga og gjennomføra turar ute til ulike årstider, også med overnatting, og gjera greie for val av rute og leirplass
Design	<ul style="list-style-type: none"> • Designa og redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljøbesparende måte

INFORMASJON TIL HEIMEN

Litt gøy før påskeferien

I dei siste vekene før påske jobbar lærarane litt ekstra med sosial kompetanse og skapa endå betre klassemiljø. Klassane skal få vera med på påskebingo, ha felles lunsj i kantina og gå kort tur i nærområdet, I tillegg skal me på kulturskulen sin ungdomsmusikal i Storstova neste fredag.

Fri frå skulen

I veke 16 har me påskeferie, og me håper alle koser seg med litt fri frå skulen. Tysdag 22. april er planleggingsdag for lærarane. Første skuledag etter påskeferien er onsdag 23. april.

Årshjulet

Det er mykje kjekt som skjer framover, så følg med på årshjulet som er oppdatert. Merk dokker at i utdanningsval, så skal elevane ha jobbskugging torsdag 12. juni. Dette betyr at elevane skal jobba ein heil dag i ein bedrift. Det kan vera lurt å snakka litt om kor ein kan jobba og kva ein har lyst til å prøva ut.

Valfag neste år

Dei aller fleste får førstevalet sitt i valfag neste år. Nokre fag klarer me ikkje å tilby, då det var få som ønskja seg faget. Desse valfaga tilbyr me neste år: fysisk, kantine, design, friluftsliv og innsats for andre.

Helsing oss på 8.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
KRLE	Skriftleg prøve i jødedom	Karakter	Veke 15, tysdag 4. time

HEIMEARBEID VEKE 15	
Norsk	Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal!
Engelsk	Vel ein artikkel frå denne sida: https://www.bbc.co.uk/newsround Lag ei lydfil der du forklarar kva artikkelen handlar om. Lydfil kan du legg inn på ON -> Heimearbeid
Matematikk	Gjer oppgåve 4.9, 4.10 og 4.12 i grunnboka. Lever på OneNote.
Samfunnsfag	Spør ein vaksen som du kjenner som er fagorganisert. Kor er dei organisert (kva for eit fagforbund) og kvifor er dei organisert? Skriv minimum 5 setningar.
KRLE	Førebu deg til skriftleg prøve om jødedom som du skal ha på tysdag. Mål og kriterier finn du på OneNote.
Naturfag	Gjer oppgåve 1 og 3, s. 174
Spansk	Lever manus til gruppeprosjekt om middag på restaurant.
Tysk	Sjå onenote veke 15- me skal bruke lekse i timen på torsdag.
Kroppsøving	Uthald: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>ute</u> . Symjing: Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE.
Kantine	Anne Marie si gruppe møter på kjøkken. Husk innesko, forkle, hårstreikk og iPad Vegard si gruppe møter i klasserommet
Fys.ak.	Se teams
Friluftsliv	Møt i klasserommet til 8A. Ta på klede til å vera ute i.

HEIMEARBEID VEKE 17	
Norsk	Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal!
Engelsk	Vel mellom eit av desse spela: <ol style="list-style-type: none"> https://www.ducksters.com/games/typing_express.php https://www.ducksters.com/games/word_search/asia_geography.php https://www.ducksters.com/games/asia_map_game.php Ta ein skjermbilete av scoren din og legg på ON.
Matematikk	Gjer oppgåve 4.15, 4.19 og 4.20 i grunnboka. Lever på OneNote.
Samfunnsfag	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: Dagsrevyen 21 - NRK TV . Skriv 3 setningar om to av nyheitssakene.
Naturfag	Gjer oppgave 1-6 side 168.
Kroppsøving	Uthald: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>ute</u> . Symjing: Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE.
Kantine	Vegard si gruppe møter på kjøkken. Husk innesko, forkle, hårstreikk og iPad Anne Marie si gruppe møter i klasserommet
Fys.ak.	Se teams

Friluftsliv

Møt i klasserommet til 8A. Me skal planlegga overnattingstur.

Bryne ungdomsskule 